



# HAREID ROTARY KLUBB

Distrikt 2280  
Klubbnr. 12713



Månedsbrev for januar 2010.

Årgang 45

---

Møtedag: Mandag kl. 18.00 - 19.00  
Møtestad: Klubbhuset til Hareid  
IL, 6060 Hareid.  
President: Oddvar Haugen  
Visepres: Vigdis Riise  
Sekretær: Trygve Riise  
Kasserar: Johs. J. Hareide  
Past pres: Johan Ole Brandal  
Styremedlem: Magnar Hatløy  
Styremedlem: Anders Riise  
Ansv.red.: Håvard Myrene  
Referent: Øystein Alme

## Fødselsdagar i januar

Svein Egil Kleppe 05. januar  
Hans Gisle Holstad 07. januar  
Vigdis Riise 14. januar  
Anders Riise 25. januar

Frammøteprosent i januar: 59,8 %

---

---

## *Vinterstorm.*

*Aa lat det bure, aa lat det braka;  
la Huse riste og Tufti skaka!  
Lat brotne allting som brotne kann!  
Det døyver Tankane litegrand.  
Um Stormen tok baade Hus og Hytte, —  
det vart eit Bil daa eg mindre sytte.  
Um Jordi gav seg i djupe Grunn, —  
daa fekk eg gløyme ei liti Stund.  
  
Um Sky datt ned som paa Himlen flakkar,  
um Have braut yvi alle Bakkar,  
ja um all Verdi seg søkkte ned, —  
so var det Slutt og so vart her Fred*

---

#### 4. januar

Møtet denne kvelden starta med songen "At far min kunne gjera".

Oddvar Haugen ønskte vel møtt samstundes som han fortalde at Patric Jenkinson no er ferdig med opphaldet sitt på Hareid og vil reise heim til Australia neste veke.

Patric fekk overlevert pins og vimpel frå Hareid Rotaryklubb, der han takka for eit godt opphald og heldt så fram med ei oppsummering frå han vart teken mot av heile 8 personar frå Hareid Rotary ved ankomst Vigra til han no skal forlate oss.

Patric takka alle vertsfamiliene han har hatt dette året, med opplevingar alt frå skiturar, rundreiser og til bading i Hjørundfjorden. Frå idrettslinja på Ulstein vidaregåande skule kunne han sjå tilbake på fleire fine turar som til dømes Bjorli og Tafjordfjella.

John Stennes og Jan Håvard Nytnun mottok vimpel og slips av Patric som takk for god oppfølging under opphaldet.

Kirsti Øvrelid takkar både Patric og verftsfamiliane for året som har gått.

Kirsti framheva at Patric var heldig med juleferien (fin vinter med snø).

Utbyte av skulen har vore moderat, men opplevingane og kontaktene han har fått har vege opp for dette.

John Stennes fekk så ordet, der han og framheva at utbyte av skulen ikkje vart det store då Patric allereide var ferdig med vidaregåande skule då han kom til Hareid.

John framheva og at Patric har vore flink å rette seg etter råd.

John fortalde om ei rekkje turar saman med Patric, mellom anna til Skogn på guvenørskifte, Røros og Olavsgruva, Atlanterhavsvegen, Runde m.m.

Det vart delt ut diplomar til alle som har hatt ulike arbeidsoppgåver med dette opphaldet.

Sverre Bjåstad vart takka for å framstå som ein god "norsklærer" til Patric.

Kvelden vart avslutta med kaffi og marsipankake.

#### 11. januar

Møtet denne kvelden starta med songen "Norge mitt Norge".

Oddvar Haugen ønskte vel møtt samstundes som han fortalde at Inge Fure skulle halde foredrag til oss denne kvelden, der temaet var "Livet etter finanskrisa"

Inge Fure starta med å sjå til Amerika.

Finanskrisa vart alvorleg for det amerikanske boligmarkedet, med ei lita bedring no.

Arbeidsløysa i Amerika er på heile 10 %.

Styringsrenta er ~0 % (kan muligens halde seg slik i heile 2010).

Amerikanerane må no "bere fruktene" av det som blei gjort i -08/-09.

Forholda i Japan er tilsvarende som i Amerika, ein ser og her at tiltaka som vart sett inn verkar.

Inge Fure heldt så fram med å sjå på forholda i Noreg.

Markedsrenta (nervøsiteten), styringsrenta og differanse har gått betydeleg ned sidan årsskiftet 08/09.

Forbruket er på vei opp og boligprisane er rekordhøge.

Industrien er den som "slit".

Privat tjenesteyting vil ta seg opp frå 2010 (grunna rentefallet).

Vi vil få auka disponibel inntekt i husholdningane.

Aktivitetsnivået i offentleg sektor aukar kraftig i M&R.

Arbeidsløysa ser ut til å auke, særleg i skipsindustrien.

Arbeidmarkedet i M&R har vorte meir påverka enn øvrige delar av landet (grunna skipsindustrien), men mindre nedgang enn venta.

Oddvar Haugen avslutta møtet med å takke for dagen/ Inge Fure for foredraget.

## 18. januar

Møtet denne kvelden vart som vanleg starta med ein song, "Nisser og Dverge"

Oddvar Haugen ønskte vel møtt og informerte samstundes om aktuelle saker.

Jon Eidsvik har vorte nominert til ny guvenør for perioda 2012-13.

Jon Eidsvik er no pensjonist (tidl. arbeid innann skuleleing).

Invitasjon til Intercityarrangement frå Ulstein Rotaryklubb til å ta del på Fadofestivalen, fredag 12. februar (felles påmelding).

Tida er koma for å verve nye medlemmer (skjema er lagt ut).

Frå 01.07.2011 vil Jarle Kristiansen kome inn som nytt styremedlem.

Hallgeir Kvammen fekk så ordet for å halde Egoforedrag sitt.

Hallgeir er fødd (-51)og oppvaksen i Korshamna samen med 7 syskjen. Arbeidsplassane fram til han reiste i militæret var Hjørungavåg Byggelag og Vestlandske Spennbetong.

Etter avtent militærtjeneste tok Hallgeir seg arbeid på Hjørungavåg Verkssted, der han vart i 8 år. Hallgeir gifta seg med Rigmor denne perioda og dei fekk borna Sylvia og Kristoffer.

Hallgeir med fleire fekk etter dette godkjent ein søknad om fiskeoppdrett som no vart den komande arbeidsplassen. Etter ei periode med myke arbeid og reising (fisk i mange lokasjonar), etterfulgt av sjukdommar i anlegga, vart dette arbeidet avslutta.

Turen gjekk så tilbake til skipsindustrien, Hjørungavåg Verksted, Kleven og Myklebust.

Hallgeir starta så eige firma med fleire tilsette der dei utførte innredningsarbeid på nybygg til skipsindustrien i nærområda. Hard konkurranse frå utanlandsk arbeidskraft gjorde at Hallgeir valde å avslutte firmaet.

Hallgeir skaffa seg så konsesjon på oppdrett av torsk og starta firmaet "Baccalao". Vanskeleg tilgong på kapital gjorde at konsesjonen vart seld til Atlantic Codfarm.

Hallgeir driv i dag ei familiebedrift (saman med borna), lokalisert i Ulsteinvik (Saunesmarka Industriområde). Sonen Kristoffer er byggmester, dottera Sylvia står for marknadsføringa.

Firmaet er fohandlar for Vestlandshus i Hareid, Ulstein, Herøy og Sande. Familiebedrifta har i dag 7 tilsette utlendingar i tillegg til dei sjølve. Omsette i 08 for 8-9 millionar og 09 for 13.4 millionar. Hallgeir ser optimistisk på framtida til firmaet.

## 25. januar

Møtet denne kvelden starta med songen "Løft ditt hode, du raske gutt".

Oddvar Haugen ønskte vel møtt til dette siste møtet denne månaden, som tradisjonen tru er programfritt og sett av til ein god prat med kaffi og sveler til.

Informasjonen denne kvelden frå Oddvar Haugen var enkel og grei.

Det vil verte sendt rundt liste for felles påmelding til fadofestivalen og skjema for verving av nye medlemmer er lagt ut

Oddvar Haugen avslutta møtet og yngste oss vel heim.